
Vår referanse 2020/48329-2
Dato 14.05.2020

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Svar - Terrenginngrep - Avkøyrsløse - Fv- 5480 - Gnr 471 bnr 6 - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til brev mottatt 21.04.2020.

Saka gjeld oppfølging av mogleg ulovleg terrenginngrep på gnr. 471 bnr. 6 i Alver kommune. Det er opplyst om tiltaket at det er planert eit område langs fv. 5480 på om lag 80m² for å nytte det til parkeringsareal mm. Kommunen vurderer og at det er anlagt ny avkøyrsløse til dette området.

[Fy12_Fv5480_hp01_fl_m05514](#)



Vegbiletet tatt før tiltak, aktuell eigedom ligg til venstre.

Vi vil i først opplyse om at Vestland fylkeskommune er eigar av fylkesvegen og av arealet langs vegen. Det kan ikkje utførast tiltak innanfor vår eigedomsgrense utan løyve frå oss. Vår eigdomsdeling har opplyst at det ikkje er oppmålte eigdomsgrenser her, men at vi eig minimum 1,5 meter frå vegkanten, og at også eventuelle fyllingar høyrer til vegens eigdomsgrenser.

Byggegrenser skal ivareta omsynet til trafikktryggleik vegvedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ev utviding av vegen, og miljøet langs vegen. Terrenginngrepet er opparbeidd langs fylkesvegen, men vi kan ikkje få eit godt inntrykk tiltaket basert på det vi har fått tilsendt, vi kan ikkje vurdere kor mykje terrenget er heva.

Vi vil som regel ikkje tillate tiltak så nære fylkesveg slik det er vist på bileta. Innanfor byggjegransa er det til dømes ikkje lov å opparbeide parkeringsareal eller oppstillingsplassar utan løyve. Det er ikkje lov å plassere gjenstandar langs vegen, mellom anna på grunn av fare for skade ved utforkøyning. Vi er opptatt av at grøfter og stikkrenner langs vegen skal vere opne med lett tilkomst for vedlikehald, slik at grøftene ikkje slammast til og vatn samlar seg i vegbana.

Det skal som regel berre vere ein avkøyrsløse til kvar eigedom, og avkøyrsløse kan ikkje opparbeidast og brukast utan særskilt løyve. Det er høve til å søkje om ny avkøyrsløse til ein eigedom. Dagens avkøyrsløse til eigedomen har dårleg sikt og utforming, og det kan vere føremålstenleg å søkje om ny avkøyrsløse. Dersom det vert gitt løyve til ny avkøyrsløse må den gamle stengast.

Med bakgrunn i dei opplysningane vi har fått vurderer vi at begge tiltaka er søknadspliktig etter veglova. Vi har ikkje vore på synfaring i saka, og kan ikkje svare konkret på spørsmålet om det er sannsynleg at vi vil gje eit løyve etter veglova.

Med helsing

Hege Løtveit
Leiar

Tone Bøyum
Senioringeniør

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift